



Spesialpedagogikk 1, 1. - 10. årssteg



Målgruppa for studiet er lærarar utan spesialpedagogisk utdanning og som underviser i 1. til 10. klassesteg. Vidareutdanninga tek for seg dei mest frekvente vanskane elevar strevar med i opplæringa: språk/lesing/matematikkvanskar og åtferd. Studiet har spesielt fokus på å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar. Onsdag og torsdag kl. 09.15 - 15.30 er faste samlingsdagar. Samlingstidspunkt for hausten er: Veke 37: 9. - 10. sept. Veke 43: 21. - 22. okt. Veke 49: 2. - 3. des.

Studieinnhald

Spesialpedagogikk 1 (30 stp) gir kunnskapar og ferdigheiter innanfor det spesialpedagogiske feltet, med vekt på dei mest frekvente vanskane elevar strevar med i skulen: vanskar knytte til språk, lesing, skrivning, matematikk og læringsmiljø og åtferd. Studiet legg stor vekt på mangfaldet i elevgruppa. Tilpassa opplæring og inkludering er sentralt. Studiet gir innsikt i skulefaglege, institusjonelle, relasjonelle og individuelle utfordringar i opplæringa. Studiet er sett saman av to emne, kvart på 15 studiepoeng: Spesialpedagogikk - læringsmiljø og åtferd. Emnet tek føre seg korleis leiing og åtferd påverkar læringsmiljøet og det psykososiale miljøet i skulen. Spesialpedagogikk - språk, matematikk og leseutvikling. Emnet vil ha eit kontekstuellt og interaktivt perspektiv på kognitive prosessar som grunnlag for å forstå temaet språk- og leseutvikling.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er samlingsbasert og elles organisert gjennom læringsportalen Canvas. Det er tre samlingar (kvar på to dagar) i Volda i semesteret. Det er obligatorisk oppmøte til samlingane. Du må ha tilgang til datamaskin med internett, nødvendig programvare og utstyr som webkamera, headset og mikrofon. For å gå opp til eksamen i eit emne må alle arbeidskrav og oppmøte knytt til emnet vere oppfylt. Du kan lese meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Dette studiet vil gi auka kompetanse for spesialpedagogiske arbeidsoppgåver i skulen og andre relevante institusjonar. Etter søknad kan Spesialpedagogikk 1 godskrivas slik at det utgjer ein del av ei masterutdanning i spesialpedagogikk ved Høgskulen i Volda.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning

Søknadsfrist: i Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no